

Helse- og omsorgsdepartement  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201113461-2/258/ARNASAN

Dykkar ref.:  
201104695


Bergen, 01. mars 2012

## Høyring om forslag til endringar i folketrygdeloven - stønad til utgifter til undersøking og behandling for sjukdom hos tannpleier m.m.

Fylkestannlegen i Hordaland har desse merknadene til høyringsnotatet:

- Tannpleierutdanninga er eit 3-årig bachelor-studium med hovudvekt på helsefremmande og førebyggjande tiltak. Tannpleiarane får etter avslutta utdanning autorisasjon til å driva kliniske og røntgenologiske undersøkingar av tenner, slimhinner og tannkjøt. Til nå har tannpleiarar ikkje etter Folketrygdeloven kunna krevja stønad frå HELFO for utført behandling på anna måte enn at kravet er dokumentert og innsendt i ein tannlege sitt namn.
- Fylkestannlegen i Hordaland ser det som heilt naturleg at tannpleiarar på sjølvstendig grunnlag kan krevja refusjon frå HELFO knytt til den behandlinga dei utfører. Fylkestannlegen støttar derfor Helse- og omsorgsdepartementet sitt forslag.
- Helse- og omsorgsdepartementet sitt forslag omfattar i denne omgang å opna for at tannpleiarar kan på sjølvstendig grunnlag krevja trygderefusjon for periodontittbehandling (tannkjøtssjukdom). Fylkestannlegen i Hordaland vil be Helse- og omsorgsdepartementet vurdere om det også samstundes skal opnast for at tannpleiarar kan krevja refusjon etter takst 101 – opplæring til eigenomsorg og førebyggjande behandling og takst 207 – non-operativ behandling av kariessykdom.

Med venleg helsing

  
Arne Åsan  
Fylkestannlege i Hordaland